



Ordføreren sitt hjørne – januar 2016

Eit nytt år er i gang!

Oppstart av kommuneplanarbeidet og fullføring av reguleringsplanen for Trøym vest er 2 viktige saker som vil ta tid og fokus dette året. Det er stor aktivitet med mange planer, både kommunale og private, i tillegg til dei to nemnde. Derfor har kommunestyret vedtatt i budsjettet å styrke planarbeidet med ei ekstra stilling. Dette skjer ved omrokkingar innafør teknisk sektor. Planarbeid er krevjande med mange føringar frå sentrale styresmakter, med høyringar og avklaringar undervegs. Planarbeid tek tid, men me ynskjer å få til dette så smidig og kjapt som mogleg. Kommunestruktur har ikkje Hemsedal brukt mykje tid eller pengar på så langt. Kommunestyret har gjort eit vedtak om at me skal vurdere 3 alternativ:

- Halde fram som eigen kommune
- Heile Hallingdal som ein kommune
- Saman med Gol, alternativt nedre Hallingdal.

Det har vore samtalar i fellesmøte med alle kommunar i dalen, og det har vore eit fellesmøte med Gol. Slik situasjonen er no med forhandlingar mellom Hol og Ål, er ikkje heile Hallingdal eit alternativ. Dei 4 nedre kommunane skal ha møte denne veka for å finne ut om me skal utgreie noko i lag. Dette er etter initiativ frå Gol og Nes.

Regjeringa har kome med framlegg til nytt inntektssystem. Der er avstand kome inn som ei strukturvurdering. Kor lang avstand er det for å nå ei befolkning på 5000, er eit viktig kriterium for tildeling av basistilskot eller ikkje. Basistilskotet er på over 13 millionar. 25,4 km er den avstanden som ser ut til å bli lagt til grunn. Det gjer at Flå ikkje misser noko av basistilskotet, medan Hemsedal får ein liten reduksjon. Ein kan forklare det med at Svøo ligg for nær Gol i dette tilfellet. Det er ikkje avstanden mellom bygdesentra, men kvar folk bur. Landet er delt inn i over 12000 såkalla grunnkretsar. Det er mykje talmateriale som ligg i botnen for korleis dette slår ut. Nes, Gol, Ål og Hol ligg for tett i høve til einannan, og derfor kjem dei negativt ut. Det er også lagt inn ei større vekting av innbyggjarar under 16 år på bekostning av dei over 67 år. Dette er også til fordel Hemsedal. Det nye forslaget er ikkje vedteke. Det er ute til høyring no, men det er sagt det skal leggjast til grunn for kommunestrukturarbeidet.

Viss ein går attende til ei eventuell ny kommune i Nedre Hallingdal, så vil det ikkje endre på innteksgrunnlaget i sum om ein slår seg saman eller ikkje. Men, det er lagt inn ein gevinst til dei "nye kommunar" som gjer vedtak før 1. juli 2016. Dei får behalde delar av noverande basistilskot i 15 år og så ei nedtrapping dei neste 5 åra. Det er sjølv sagt ikkje berekna for nedre Hallingdal eller for Hemsedal/Gol. Kan nemne at for Hol/Ål utgjer dette ca 5 mill årleg. KS vil hjelpe til med slike utrekningar etter kvart.

I tillegg er det eit eingongstilskot på 20-40 millionar avhengig av om det er 2 eller 4 kommunar som går saman. Dette er for å "rigge" den nye kommunen som det heiter.

Kva som skjer i arbeidet vidare er for tidleg å si. Framlegget til nytt inntektssystem ser ikkje ut til å svekke Hemsedal som eigen kommune, heller tvert om. Om kommunen skal gå vidare for å vera med på ei felles utgreiing, det må formannskapet/kommunestyret ta stilling til.

Dersom kommunestyret etter ei eventuell utgreiing går for samanslåing med annan eller andre kommunar, så har eg oppfatta partiprogramma til dei fleste partia at dei ynskjer at eit slikt spørsmål skal avgjerast ved folkerøysting. Det er slik det må vera. I ei så viktig sak skal innbyggjarane bestemme.

Val av hovudveg mellom aust og vest vart utsett før jul. Det skal no gjerast grundigere vurderingar for alternativa over Hemsedalsfjellet og Hardangervidda før vedtak blir gjort om eit års tid. Odd Holde og eg saman med mange ordførar på sognesida har lagt ned mykje arbeid i dette så langt, og meir vil det bli framover. Dette er eit viktig arbeid. Vil me få statusen og pengane, eller vil me berre få bilane? Vegvesenet har tilrådd Rv 52, men dette er også politikk.

Med ynskje om ein fin vinter!

Helsing
Oddvar Grøthe
ordførar